



Jostein Hauso - optimist foran ny sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er Trio cup laurdag 9. april på Husnes for 7-9 åringar og cupen startar allereie klokka 9.
UIL stiller med 4 lag, 2002 gutar, 2002 jenter 1, 2002 jenter 2 og 2004 mix.
Leiar Jostein Hauso i fotballgruppa oppmodar dei som kan om å stilla og heia på laga**



Blir det seriestart for 12-åringane på grusbana? (Foto: Ola Matti Mathisen) -Korleis

er kamp-programmet vidare?

-Gutar 12 år spelar sin fyrste kamp i serien 12. april klokka 1830 på heimabane mot Harding, Det er ikkje avgjort om det vert på Heio eller om ein må nytta seg av grusbana. Langtidsvarselet tilseier at det vert spela på grusbana, men det vert avgjort rettover helga..

-Og så står minicupane i kø...

-Det vert gjennomført 6 minicupar i Kvinnherad vidare i denne sesongen og programmet er slik:.

*30 april Herøysund

***14 mai Uskedalen**

*13 juni Rosendal

***4 sept Spar-Heio-cup Uskedalen**

*18 sept Halsnøy

*1 okt Trio

-Kvifor 2 cupar i Uskedalen?

-Bakgrunnen for at vi står oppført med 2 cupar, 14 mai og 4 september , er at dei andre laga forventar ein cup i Uskedalen som er gratis og som ikkje skapar noko overskot basert på startkontingent.

-Og kva er grunnen til at UIL tar betaling?

-Fotballgruppa har forklart nok ein gong bakgrunnen for at me tar betaling, det er fordi me ikkje får kommunal støtte til drift og vedlikehald av anlegget.

Vi har ein førespurnad inne til kommunen om dei kan vera med på å ta vedlikehaldet av grasmatta, det vil gjera det enklare for UIL å gjennomføra Spar-Heio-cupen utan å måtte ta startkontingent.

Inntil det er avgjort sa eg difor at me får setta opp 2 cupar og så sjå korleis det går. Hvis kommunen er med og tar vedlikehaldet kan det verta berre Spar-Heio-cup, hvis ikkje så må me gjennomføra ein cup ekstra.

-Så er det noko som kallast seriedagaar for 10-åringane..

- Jau, det blir gjennomført seriedagar slik:

* 4 mai Trio

*** 1 juni Uskedalen**

* 15 juni Halsnøy

* 31 aug Herøysund

* 16 sept Trio

* 5 okt Rosendal

Av Ola Matti Mathisen